

Deltema 5: Beredskap og ulukkesrisiko samt brannberedskap

Metode

Arbeidet er utført etter synfaringar og vurdering av topografi, tilkomstforhold og gjennomgang av gjeldande beredskapsplanar. Null-visjon som er lagt til grunn, er at det ikkje skal oppstå fare for liv og helse, miljøskade eller økonomisk tap som følgja av planen. God planlegging må difor ta utgangspunkt i at det kan oppstå ulike risikoforhold som det er viktig å identifisera tidleg i planprosessen. Då kan det takast omsyn til og dermed redusera risikoen. Berre gjennom kartlegging av risikoforhold er det råd å ta tilstrekkeleg omsyn til slike forhold.

Grunnlag

Rundskriv frå Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap og Sveio kommune sin beredskapsplan og overordna risiko- og sårbarhetsanalyse er lagt til grunn i utarbeidinga av denne konsekvensutredninga.

Offentlege akrørar

Dersom det oppstår uønska hendingar (uhell, ulukker, katastrofe o.l.) er det i tillegg til politiet og sivilforsvaret, kommunen og brannvesenet som er dei viktigaste aktørane. Brannberedskapen i Sveio er rimeleg god gjennom vedteken og godkjent brannordning. Kommunen kan få hjelp både frå brannvesenet på Stord og i Haugesund dersom det er nødvendig. Sveio kommune er elles med i samarbeid om redningsdykkarar som har base i Haugesund. Det føreligg også beredskapsplan for skog/lyngbrann.

Sveio brann- og redningsvesen består av 28 konstablar på deltid utan vaktordning.

Konstablane er fordelte på to brannstasjonar der hovedstasjonen ligg i Sveio sentrum og den andre i Førde. Det er stasjonen i Førde som er nærast planområdet med ein avstand på om lag 18 km. Innsatstida vert difor om lag 25 min. Brannvesenet har både mannskapsbilar med vanntank og andre brannbilar.

Det er nå planar om å slå saman brann- og redningsvesenet med nabokommunane i Nord-rogaland, men endeleg vedtak er ikkje gjort.

Ved akutt forureining er det IUA Nord-rogaland/Sunnhordland som vert aktør med sin beredskapsplan.

Verdi Ingen verdi	Omfang	Liten	Middels	Stor
Stort positivt				Meget stor positiv konsekvens (++++)
Middels positivt				Stor positiv konsekvens (++++)
Lite positivt Intet omfang				Middels positiv konsekvens (+++)
Lite negativt				Lite positiv konsekvens (++)
Middels negativt				Ubetydelig (0)
Stort negativt				Lite negativ konsekvens (-)
				Middels negativ konsekvens (- -)
				Stor negativ konsekvens (- - -)
				Meget stor negativ konsekvens (- - - -)

Andre aktørar

Redningselskapet har stasjonert redningssskøyte i Sunnhordland, og både Røde kors og Norsk folkehjelp har avdelingar i distriktet. I tillegg kan frivilljuge bli trekt inn ved behov.

Dagens situasjon

Planområdet ligg til sjøen i ei vik i ytre del av Ålfjorden. Nordre Buvika er utsett for vind frå sør-aust, og denne kan enkelte gonger vera så sterk og det blir lagt opp mykje sjø.

Det legg seg ikkje is på sjøen same kor kaldt det er.

For deler av planområdet føreligg det i dag godkjend reguleringsplan for fritidsbustader, og det er til nå bygd 16 hytter og nokre sjøboder. Utviding av hytteområdet er teke med i kommuneplanen.

Rundt planområdet er det utmark/skog og noko dyrka mark.

Hytteområdet blir i dag forsynt med vatn frå borehol, og det er rikeleg med grunnvatn av god kvalitet. Det er om lag 1,5 km frå kommunal hovudvassleidning til planområdet. Det føreligg likevel ikkje planar om vidareføring på nåverande tidspunkt.

Hovedplanen for vassforsyning i Sveio kommune legg opp til at det i framtida skal byggjast nytt høgdebasseng nord i kommunen (Valevåg - Tittelsnes), men det kan ta noko tid før dette blir realisert.

Mobildekninga i området er god.

Kva kan skje?

Uønska hendingar kan utløysast av:

- menneskeleg eller organisatorisk svikt
- teknisk svikt
- ytre påvirkning

Forhold på eller nær sjøen.

Store deler av Sveio kommune ligg til eller i nærleiken av sjø. Båtar og sjøliv er populært både blant fastbuande, hyttefolk og turistar. Det er auke i hurtiggåande båtar, og alle har ikkje like god kunnskap i å føra slike båtar eller har lokalkunnskap om korleis farvatnet er. Fall i sjøen frå båt eller sterk vind kan vera ein risiko for å ferdast på sjøen.

Også fall i sjøen frå land kan vera ein fare ved aukande aktivitet langs og ved sjøen, og særleg frå flytebrygger eller i land- eller påstiging av båt. Badeulykker må også vurderast. Det kan også vera nokre utfordringar ved høg vasstand i sjøen som følgje av ein kombinasjon ved springflo, stormflo og høgare havnivå i framtida.

Brannfare

Brann i eller nær fritidshus og eld i skog og mark kan vera ein fare for fritidsbustadane.

Klima-, værforhold og naturrisiko

Sterk vind og nedfall av trær over veg og kraftliner kan vera ein viss risiko. Området er ikkje utsett for ras, skred, flaum eller grunnforhold.

Forureining

Det er liten risiko for andre naturkrefter enn sterk vind. Mindre forureining kan sjølvstakt skje ved utslepp eller liknande, men alvorleg akutt forureining er det lite fare for. Radom blir vurdert og evt. teke omsyn til i samband med byggeprosessen.

Anleggsfasen

I anleggsfasen kan det skje fall- og klemulukker eller ulukker i samband med sprenging, transport og bruk av anleggsmaskinar. Også lagring av stein og byggegroper kan ha ein viss risiko dersom anleggsområdet er tilgjengeleg. Sjølve anleggsområdet må difor sikrast og merkast forskriftsmessig.

Skrentar

Fallulykker ved skrentar og bratte skråningar er ein viss fare for kan skje.

Trafikk

Sjølv om fleire hytter vil auka trafikken noko, så vil ikkje trafikkfaren bli større i og med at det vert betre og breiare vegar i og til planområdet.

Konsekvens

Sidan det vert fleire fritidsbustader og med det auka aktivitet på sjø og land, vil nok ulukkesrisikoen i området auka litt.

Avbøtande tiltak

Dersom det skjer forhold som krev redning/handling, må dette utførast slik gjeldande beredskapsplanar legg opp til. Vegane i området blir betre, får god kutvatur og blir så breie at det er lett å koma fram for utrykningkjøretøy og med store nok snuplasser.

Til sløkkjevattn må det brukast sjø, og det er ikkje fare for at sjøen vil frysa til i området.

Sveio brannvesen har utarbeidd beredskapsplan for skog/lyngbrann for å minimalisera skadene samt forebyggja for å unngå slike brannar. Samarbeid med andre kommunar og bøndene i området med sine spreievogner er ein stor ressurs i slike tilfelle.

Alle permanente skrentar og bratte skråningar innafør planområdet må vurderast og evt. sikrast med gjerde.

Som forebyggjande tiltak blir det i området og ved rasteplassane sett opp skilt om brannfare i skog og mark, og det må ved sjøen vera oppslag om sjøvettsreglane og drukningsfare. I båthamna, langs kaiane og ved badestrendene må det vera tilgjengelege redningsbøyer.

Høgare vannstand og springflo må takast omsyn til ved høg nok kotehøgde på kai og golv. I planen er alle hyttene lagt så høgt i terrenget at det ikkje er fare for at springflo eller stormsjø.

Avsluttande vurdering

Dersom overfor memnde forhold blir teke omsyn til vil gjennomføringa av planen ikkje føra til større ulukkesrisiko. Auka brannfare som følgje av fleire bygningar i planområdet, ligg innafør det brannvesenet kan dekkja gjennom sine beredskapsplanar.